

**Arealplan**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
 Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
 Heimeside: www.lindas.kommune.no  
 Kartside: www.nordhordlandskart.no  
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Bjørn Dyrkolbotn

Dyrhovden 2A  
 5993 OSTEREIDET

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Sveinung Toft

Vår ref.

Telefon

2010/1529 - 0 -  
5190/2011

Arkivkode:

Dato:

233/105

22.02.2011

*Delegert sak handsama av avdelingsjefen*

## Godkjenning av delingssøknad på gnr. 233 bnr. 105 på Ostereidet

**Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad om deling stempla motteke 19.07.2010.

Det er gjeve dispensasjon for omsøkt bustadtomt i plan- og miljøutvalet den 03.11.2010, sak 253/10 på vilkår.

Det er i brev av 04.01.2011 frå Lindås kommune v/ teknisk drift gjeve løyve til utvida bruk av avkøyring til kommunal veg på vanlege vilkår.

Det er i brev av 01.02.2011 frå Lindås kommune v/ byggjesak gjeve utsleppsløyve på vanlege vilkår for ein einebustad på omsøkt tomt.

**Vurdering:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter plan- og bygningslova § 20-1, jamfør § 26-1. Søknad om deling er vurdert etter føresegner i eller med heimel i pbl. Me gjer merksam på at det likevel kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege tilhøve vedkjem ikkje løyve til deling av eigedommen som vert gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Administrasjonen kan med tilvisning til plan- og bygningslova sine reglar knytt til byggjetomt no gje løyve til omsøkt bustadtomt. Det vert vist til avkøyringsløyve og løyve til utslepp, samt vilkår i dispensasjonssaka.

**Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

- Med heimel i pbl §20-1.ledd m), jamfør § 26-1, gjev Lindås kommune løyve til deling av eigedomen som omsøkt.
- Det er eit vilkår at rettar knytt til veg, vatn og avlaupsleidningar må tinglysast
- Dersom deling ikkje er gjennomført med kartforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jamfør pbl § 21-9.




**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret i Lindås kommune den 10.12.2009 gjeldande frå 1.1.2010, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Delingssøknad i uregulert område – byggetomt	kr 5.000,-
Sum	Kr 5.000,-

Med helsing



Sveinung Tøft

fagleiar arealplan



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvemhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvemhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Helmeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Bjørn Dyrkolbotn

Dyrhovden 2A  
5993 OSTEREIDET

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Larissa Dahl

Vår ref.

2011/14 - 0 -  
3106/2011

Telefon

56375000

Arkivkode:

233/105

Dato:

01.02.2011

Delegert sak

## Utsleppsløyve Gbnr. 233/105 Bustad Eide indre

Vi viser til søknad om løyve til utslepp, motteken 04.01.11 og 20.01.11 og vedlagt:

- situasjonsplan motteken 20.01.11
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel

Samtykke og utgreiing, mottekne 20.01.11

### Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld utslepp for bustad på Dyrhovden, Eide indre via eigen slamavskiljar med dimensjon på 4 m<sup>3</sup>, til felles eksisterande utsleppsanlegg til sjø.

### Gjeldande reglar for utslepp.

Det nye regelverket i ureiningsforskrifta tredde i kraft 1. januar 2007.

Val av tekniske løysingar for utslepp.

I handsaming av søknaden skal det vurderast om anlegget oppfyller krav til reinsing og teknisk utføring.

Utslipp til sjø.

Utsleppet er tenkt løyst med utslepp av slik at slam vert samla i slamutskillar og at gråvatn vert slept ut via leidning til sjø.

Godkjenning av utsleppet gjeld fram til kommunen sett fram pålegg om tilknytning til eit hovudanlegg for reinsing av kloakkutslepp.

Eigedomen skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området. Kommunen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på summen skal fastsetjast av kommunen.

Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Basisgebyr.

G2.b Utsleppsløyve 4.200,-

### Sakshandsaming

Handsaming av søknad om utslepp må skje både i forhold til plan- og bygningslova (pbl) og i forhold til forureiningsforskrifta.

Det er mottatt søknad om utslepp etter forureiningslova (slamavskiljar med utslepp til sjø).

Det er ikkje mottatt søknad om utsleppsanlegg etter plan - og bygningslova §20-1.



**Vedtak:**

1. Med heimel i forskrift om om begrensning av forurensning fastsett 01.01.2007, (forurensningsforskriften), kapittel 12, vert det gjeve utsleppsløyve.
2. Løyvet gjeld **1 bustad** slik at det installerast slamavskiljar på 4 m<sup>3</sup>. Gråvatn vert slept ut via godkjent eksisterande privat utsleppsanlegg og leidningsnett til sjøen.
3. Plassering av utsleppsanlegget skal koordinatfestast, og dokumentasjon skal sendast til kommunen omgåande.
4. Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området. Kommunen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på summen skal fastsetjast av kommunen.
5. Det vil ikkje verte gjev igangsetjingsløyve for utsleppsanlegget før det ligg føre byggesøknad om tiltak med søknad om ansvarsrett for PRO/UTF for VVS-arbeid.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

For dei arbeidsområde i lista over ikkje er ført opp føretak, manglar ansvarsrett.

Byggearbeid kan ikkje settast i gang før godkjent ansvarsrett ligg føre.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing



Einar Urheim  
Fagleiar Byggesak



Larissa Dahl  
avdelingsingeniør

BJØRN DYRKOLBOTN  
Dyrhovden 2A  
5993 Ostereidet  
Tlf: 99218251  
E-post: bdyrko@online.no

Ostereidet 19.01.2011.

Lindås Kommune  
Teknisk Etat  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE  
Gnr 233 bnr 105, Dyrhovden 2A på Ostereidet

Dykkar referanse: 2011/14-0-725/2011

Syner til Dykkar brev datert 10.01.2011, samt min søknad datert 30.12.2011.  
Syner også til møte på Dykkar kontor den 12.01.2011.

Oversender med dette dokumentasjon etterspurt i Dykkar brev ovanfor nemnde brev datert 10.01.2011.

Situasjonskart.

Vedlagt er målsete situasjonskart (vedlegg 1).

Det målsete vedlagte situasjonskartet syner både nåverande situasjon, samt framtidig planlagt situasjon etter frådelling av bustadtomt frå noverande gnr 233 / bnr 105.

Nabovarsel.

Dokumentasjon for sendt nabovarsel er vedlagt (vedlegg 2).

Kloakk

Eksisterande godkjente private avløpsanlegg blei godkjent i Lindås Formannskap 12.03.98.

Dokumentasjon for dette var vedlagt i min ovanfor nemnde søknad datert 30.12.2010.

Pr i dag er det 2 stk bustader kopla til det eksisterande avløpsanlegget, nemleg meg sjølv i Dyrhovden 2 (gnr 233 / bnr 105), samt min bror i Dyrhovden 4 (gnr 233 / bnr 136).

Dette er også synleggjort på vedlagte situasjonskart vedlegg 1.

På vedlagte situasjonskart er det synleggjort eksisterande slamavskiljar.

Eigarar av denne private slamavskiljaren, Dyrhovden 2 (gnr 233 / bnr 105),

samt Dyrhovden 4 (gnr 233 / bnr 136), er blitt fakturert av Lindås Kommune for tømning av slamavskiljaren sidan denne blei montert.

Det føreligg ingen privat avtale om vedlikehald av avløpsanlegget.

Dette blir ivareteken av eigarane, min bror eg meg sjølv.

Vedlagt er kopi av tinglyst rett til å gå over gnr 233 / bnr 7 med spillvannsledning (vedlegg 3). Vedlegg 3 syner også tinglyst rett til å reoperasjon og ettersyn på spillvannsledningen, den viser rett til å eventuelt montera slamavskiljar, samt rett til bygging av veg for reoperasjon og vedlikehald.

Det eksisterande avløpsanlegget er opparbeida av meg sjølv i Dyrhovden 2 (gnr 233 / bnr 105), samt min bror i Dyrhovden 4 (gnr 233 / bnr 136). Nødvendige opplysingar av det eksisterande avløpsanlegget er forsøkt vist på vedlegg 1.

Det er veg fram til eksisterande slamavskiljar.

Som også redgjort for ovanfor, eigarar av denne private slamavskiljaren, meg sjølv i Dyrhovden 2 (gnr 233 / bnr 105), samt min bror i Dyrhovden 4 (gnr 233 / bnr 136), blir fakturert av Lindås Kommune for tømning av slamavskiljaren.

På framtidig bustadtomt, utskilt frå gnr 233 / bnr 105, vil det sjølv sagt bli kjørbar veg fram til slamavskiljar.

- Vedlegg:
1. Målsete situasjonskart med opplysningar, (2 stk sider).
  2. Dokumentasjon for sendt nabovarsel, (4 stk sider).
  3. Kopi av tinglyste rett på gnr 233 / bnr 7, (1 stk side).

Med helsing

Bjørn Dyrkolbotn  
Bjørn Dyrkolbotn

BJØRN DYRKOLBOTN  
Dyrhovden 2A  
5993 Ostereidet  
Tlf: 99218251  
E-post: bdyrko@online.no

Ostereidet 30.12.2010.

Lindås Kommune  
Teknisk Etat  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE  
Gnr 233 bnr 105, Dyrhovden 2A på Ostereidet

Underteikna har fått godkjent dispensasjon om frådeling av 1 stk bustadtomt på min eigedom gnr 233 bnr 105, Dyrhovden 2A på Ostereidet.

Før deling kan godkjennast, må eg ha utsleppsløyve til den komande frådelte tomt.

Eg søker med dette om utsleppsløyve til den komande frådelte tomt.

Utslepp frå den komande frådelte tomt, er planlagt tilkopla vårt tidlegare godkjente private og eksisterande avløpsanlegg som vist på vedlagte kartutsnitt (vedlegg 2).

Eksisterande godkjente private avløpsanlegg blei godkjent i Lindås Formannskap 12.03.98 og sendt til underteikna i skriv datert 17.03.98 (vedlegg x, nest siste side punkt 2).

Byggjeløyve blei underskreve av Lindås Kommune 27.03.98 (vedlegg 4).

Underteikna innehar som hjemmelshavar til gnr 233 bnr 105, tinglyst rett til framføring av spillvannsanlegg, og vedlikehald av dette, over gnr 233 bnr 7.

- Vedlegg:
1. Søknadsskjema.
  2. Kartutsnitt
  3. Godkjenning av privat avløpsanlegg, skriv frå Lindås Kommune datert 17.03.1998.
  4. Byggjeløyve gnr 233 bnr 105, datert 27.03.98
  5. Kopi av orientering frå Lindås Kommune, brev datert 03.12.2010.

Med helsing

Bjørn Dyrkolbotn  
Bjørn Dyrkolbotn